

## VEDLEGG 1:

### Omtale og vurdering av søknader om tilskot til vilttiltak i 2020

Søknader er nummerert frå 0 til 18 i samsvar med nummerering i tabell og saksframlegg.

Nr	Søkjjar	Tiltak	Total kostnad	Søkt Vlfk	Tilskot Forslag
		<b>Lokale vilttiltak - Hjort, elg, rådyr</b>			
0	Norsk institutt for naturforskning (NINA)	FriKalv (2. av 4 år)	202 500	100 000	100 000
1	Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO)	VESTHJORT	1 010 000	50 000	50 000
2	NIBIO	Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjon S&Fjo	134 000	50 000	50 000
3	Faun Naturforvaltning AS (Faun)	Fagrapport "Hjorten i Vestland"	259 000	239 000	110 000
4	Sunnfjord kommune	Aldersregistrering og kohortanalyse	82 500	57 750	0
5	Utmarksavdelinga Vest As	Fagsamling kommunal viltforvaltning	30 000	30 000	0
6	Utmarksavdelinga Vest As	Felles forvaltning i årsleveområde for hjort	150 000	150 000	140 000
7	Utmarksavdelinga Vest As	Vilt som næring	65 000	65 000	60 000
		<b>Lokale vilttiltak m.v.</b>			
8	NINA	En levende kyst (1. av 5 år)	1 096 000	53 000	50 000
9	NINA	Questioning bycatch - What is the true scale ?	695 750	52 000	45 000
10	NINA	Raudrev på Hardangervidda	175 000	35 000	30 000
11	Nni Resources As	Orrfugl i kystlandskapet på Vestlandet	135 200	93 700	85 000
12	Nni Resources As	Hekkende andefugler i kystlandskapet	93 000	63 000	60 000
13	Nni Resources As	Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler	60 000	54 000	50 000
14	Universitetet i Sørøst-Norge	Fjellets ressursgrunnlag	1 280 000	50 000	0
15	NJFF-Hordaland	Infoblod om jakt og fiske - infoside internett	117 000	37 000	35 000
16	NJF F-Hordaland	Kvinneaktiviteter	35 000	15 000	15 000
17	NJFF-Sogn og Fjordane	Human Jakt	270 000	95 000	80 000
18	NJFF-Sogn og Fjordane	Modell for småviltforvaltning	110 000	50 000	40 000
<b>Sum hjortevilttiltak (kr)</b>			<b>1 933 000</b>	<b>741 750</b>	<b>510 000</b>
<b>Sum lokale vilttiltak m.v. (kr)</b>			<b>4 066 950</b>	<b>597 700</b>	<b>490 000</b>
<b>Sum alle tiltak (kr)</b>			<b>5 999 950</b>	<b>1 339 450</b>	<b>1 000 000</b>

## 0 NINA: Prosjekt «FriKalv» (2019-2022)

Norsk institutt for naturforskning (NINA) ønsker å prøve ut og evaluere eit tidlegare uprøvd verkemiddel i hjorteforvaltninga – fri avskyting av kalv. Intensjonen er at dette verkemiddelet skal bidra til auka avskyting, og redusere lokale konflikter knytt til fordeling av nytte og kostnader frå hjortebestanden. NINA vil evaluere om fri avskyting av kalv er eit eigna verkemiddel for å nå aktuelle forvaltningsmål som redusert bestandstettleik, jamnare kjønnsamansetting og høgare snittalder blant eldre dyr. Fri avskyting av kalv vil bli gjennomført som ei forsøksordning over to år i dei to store hjortekommunane Kvinnherad og Bremanger. Etter ønske frå Miljødirektoratet er Aurland teke med som forsøkskommune i prosjektet. Aurland har etter eige initiativ innført kvotefri jakt på hjortekalvar frå og med 2019.

Fri kalveavskyting vil også opne for at skadeutsette grunneigarar får auka høve til å felle fleire hjort uavhengig av arealgrunnlag. På denne måten vil ein redusere konfliktane knytt til kostnad-nyttefordeling i den lokale hjorteforvaltninga.

Prosjektet er tenkt gjennomført i samband med hjortejakta hausten 2020 og 2021. I 2019 og første halvdel av 2020 vert det informert om og «selt inn» ordninga lokalt. Lokale møter, bruk av lokal presse og samspel med kommunane vil vere avgjerande for effektiv informasjonsspreiing til jegerane. I siste halvdel av 2021 vil det bli utarbeidd ei elektronisk spørjeundersøking som skal rettast til eit utval av jegerane i starten av 2022. Spørjeundersøkinga tek sikte på å avdekke eit breitt spekter av spørsmål omkring jegerane sine erfaringar med og haldningar til forsøksordninga.

NINA søkte om fullfinansiert 4-årig prosjekt i 2019, til Sogn og Fjordane fylkeskommune, Hordaland fylkeskommune og Miljødirektoratet. Det er ikkje søkt på nytt i 2020, men levert framdriftsrapport med rekneskap for 2019. Med føreslått tilskot på kr 100 000 frå Vestland fylkeskommune i 2020, ser førebels prosjektkostnader slik ut:

	2019	2020	2021	2022	Sum (kr)
Prosjekt budsjett	129 500	202 500	137 500	530 500	1 000 000
Prosjekt rekneskap	192 075				192 075
Hordaland fk. tilskot	50 000				50 000
Sogn og Fjordane fk. tilskot	40 000				40 000
Vestland fk. tilskot		100 000			100 000
Miljødirektoratet tilskot	130 000				130 000

Sluttrapportering blir i form av NINA-rapport, lokale møter og populærvitenskapleg artikkel i til dømes Hjorteviltet.

### Vurdering

Tiltaket fell inn under tilskotskriterium G (forvaltingsretta forskning og overvaking). Prosjektet vil bidra til betre vurderingsgrunnlag før evt. innføring av fri kalveavskyting. Kommunane som inngår i prosjektet er frå Vestland fylke. Det kan synast naturleg at Vestland fylkeskommune, med ca halvparten av årleg felte hjortar i landet, er med på finansiering av prosjektet, saman med Miljødirektoratet, men prosjektet vil også ha stor overføringsverdi til andre hjortefylke. Årleg snitt-tilskot frå Vestland fylkeskommune på kr 100 000 synest rimeleg.

### Konklusjon

Det vert føreslått tilskot til prosjektet på kr 100 000 som omsøkt.

## **1 Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO): VESTHJORT**

VESTHJORT er eit merkeprosjekt for hjort i 5 kommunar i Møre og Romsdal (Volda, Ørsta, Vanylven, Ulstein og Hareid) og 2 i Vestland (Gloppen og Stad). Prosjektet kjem etter eit forprosjekt i 2018 og 2019. Prosjektet sitt formål er å få meir kunnskap om hjorten sin arealbruk på Søre Sunnmøre og i Nordfjord. Dette som grunnlag for betre bestandsforvaltning lokalt-regionalt. Delmål er blant anna å få betre kunnskap om hjorten sine trekkruiter, trekkstrategi, sesongtrekk, arealbruk og storleik på hjorten sine årsleveområde. Målet er å kunne merke til saman 60 hjortar i deltakarkommunane. Prosjektansvar og prosjektleiing ligg hjå NIBIO Tingvoll. Deltakande kommunar danner ei styringsgruppe. Til søknaden er det lagt ved ei 7-siders prosjektskildring for meir detaljar.

Samla prosjektkostnad 2019-2023 er på kr 2,27 Mkr, der kommunane dekker det meste. Det er søkt Vestland fylkeskommune og Møre og Romsdal fylkeskommune om høvesvis kr 50 000 og kr 75 000 årleg (2020-2023). Kostnader i 2020 er på 1,01 Mkr, hovudsakleg løn og kjøp av GPS halsband.

### *Vurdering*

Prosjektet fell inn under tilskotskriterium G (forvaltingsretta forskning og overvaking). Prosjektet bør ha høg prioritet. NIBIO har stått for mange liknande merkeprosjekt, til dømes hjortemerkeprosjektet i Sunnfjord og Sogn (2006-2011) og prosjektet "Hordahjort" (2008-2013).

### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 50 000 som omsøkt.

## **2 NIBIO: Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjon S&Fj**

NIBIO søkte først om tilskot til prosjektet «Hjortebeiting i plantefelt og ung produksjonsskog» i 2016, eit 3-års prosjekt (2016-2018). I prosjektet skulle det gjerast registreringar i ungplantefelt av gran og furu, naturlege foryngingsfelt i furu, og i ung produksjonsskog. Dette for å finne omfang av beiteskade av hjort i ulike vekststadiet i utvalde område f.o.m. Ryfylke t.o.m. Sør-Trøndelag. Registreringane skal nyttast til berekning av skadeomfang og økonomisk tap, og som eit av fleire hjelpemiddel i viltforvaltninga til bestandsregulering på berekraftig nivå. Materiale frå Landsskogtakseringa vil og verte nytta i vurderinga, gjennom etablert samarbeid. Ifølgje søknaden i 2016 vil resultatane frå prosjektet bli formidla i NIBIO Rapport, i tillegg vil hovudresultata verta formidla i artiklar i Skog, Norsk Skogbruk, Bondevennen, Bondebladet og Bonde og småbruker, og i innslag i regionale aviser på Vestlandet og som nettbasert formidling. I tillegg vil det kome foredrag i ulike fora, herunder fylkesvise samlingar i regi av Fylkesmannen og Fylkeskommunar i dei respektive fylka retta mot landbruksforvaltninga og viltforvaltninga i kommunane. Av uføresette årsaker måtte prosjektet forlengast i tid. Søknaden i år er ei forlenging av prosjektet til 31.12.2020. Det går fram at det er søkt om tilskot frå dei fire fylkeskommunane som gav mindre tilskot til prosjektet 2016-2018 enn omsøkt. Berre Hordaland fylkeskommune gav tilskot som omsøkt, til saman kr 130 000. For Sogn og Fjordane vart det søkt om kr 140 000 og gitt tilskot på kr 90 000, og følgjeleg søkt om kr 50 000 i år. Samla kostnadsoverslag for heile prosjektet er på 1,9 Mkr.

### *Vurdering*

Prosjektet fell inn under tilskotskriterium G (forvaltingsretta forskning og overvaking). Prosjektet er omfattande og komplekst, og det er søkt om tilskot frå mange ulike finansieringskjelder. Fylkeskommunane sine tilskot vil berre dekke ein mindre del av dei totale prosjektkostnadene. Det vert forventat at prosjektet vil framskaffe mykje relevant data som er viktige i forhold til berekraftig forvaltning av hjort lokalt-regionalt.

### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 50 000 som omsøkt.

### **3 Faun Naturforvaltning As (Faun): Fagrapport "Hjorten i Vestland"**

Faun har søkt om finansiering til å utarbeide fagrapporten "Hjorten i Vestland - eit kunnskapsgrunnlag for vidare forvaltning".

Faun sitt mål med ein fagrapport som denne er å vere med på å spreie kunnskapen ut til ein større del av dei som har behov for den, og at fleire gjennom dette ser nytten av den kunnskapsinnhentinga ein som jeger og forvaltar er med på. På denne måten vil truleg og kvaliteten på innsamling av data auke, gjennom at ein vert meir merksam på at kvalitet i datainnsamlinga i alle ledd er naudsynt for å få best mogeleg grunnlag for ei presis og god forvaltning

Fagrapporten vil innehalde ein oversiktleg framstilling av fellingstal, sett hjort-materiale og utvikling i relevante bestandsegenskapar som til dømes kjønnsstilhøve, vektutvikling, produktivitet og utvikling i bestandsstorleik. Materialet vert presentert på kommunenivå med framlegg til tiltak i høve til kommunale målsettingar for utvikling i hjortebestandane. I dei områda som samarbeider om felles forvaltning på tvers av kommunegrenser (bestandsplanområder), vil ein tilpasse rapporteringa slik at rapporten også dekkjer slike områder. Rapporten vil også belyse kvalitet og omfang av grunnlagsdata for kvar rapporteringseining, mellom anna grad av oppslutning av sett hjort-materiale og slakteveker. Grunnlagsdata vert henta frå Hjorteviltregisteret og Statistisk Sentralbyrå.

Prosjektet er eitt-årig og kostnadsrekna til totalt kr 259 000, derav kr 20 000 i eigeninnsats, resten søkt dekkja av Vestland fylkeskommune tilskotsordninga til viltformål.

#### *Vurdering*

Det vert vurdert at prosjektet kan falle inn under tilskotskriterium G (forvaltningsreta forskning og overvaking). Hjorteviltregisteret kan seiast å innehalde innsamla data for bestandsovervaking, og i prosjektet vert slike overvakingsdata presentert og vurdert på ein systematisk måte for kvar kommune. Prosjektet vert vurdert som interessant no etter samanslåing til eitt fylke. Prosjektet vil sei noko om kvalitet og kvantitet på innsamla data i Hjorteviltregisteret.

Prosjektet bør kunne gjennomførast for noko mindre tilskot enn omsøkt, evt. i noko redusert omfang. Det kan gjerast ved å redusere rapporteringsomfanget, til evt. berre berre gjelde utvalde kommunar. Rapporten vil likevel ha overføringsverdi til andre kommunar.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot til prosjektet på kr 110 000, mot omsøkt kr 239 000.

### **4 Sunnfjord kommune: Aldersregistrering og kohortanalyse**

Søknaden frå Sunnfjord kommune er på vegne av bestandsplanområde Førde og Jølster. Prosjektet går ut på å bestemme alderen til hjort felt under jakta i 2020 med støtte frå tannsnittanalysar, samt utarbeide rapport med årsklasseanalysar (kohortanalysar) og bestandsvurderingar for bruk i bestandsplanlegginga.

Det er henta inn pristilbod for tiltaket frå Faun Naturforvaltning AS. Prosjektet er kostnadsrekna til totalt kr 82 500. Det er søkt om tilskot på kr 57 750 frå fylkeskommunen, og ført opp kr 14 750 frå «Andre offentlege tilskot».

#### *Vurdering*

Prosjektet fell inn under tilskotskriterium C (kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, samt viltinteresser i kommunar og regionar). I praktisk hjorteforvaltning er det viktig å søkje å ha tilstrekkeleg av store, eldre produksjonsdyr i bestanden. Tannsnittanalysar av alle felte dyr over 1 ½ år kan gje ein god peikepinn på det. Tiltaket er i utgangspunktet positivt, men det går ikkje fram av den knappe søknaden kva som er forventta oppslutning frå jaktrettshavarane. Ut frå tal i søknaden kan det synast realistisk å få gjort tannsnittanalysar av ca 100 hjortar, hovudsakleg eldre dyr (over 1,5 år).

Denne type tiltak er det nærast å støtte frå kommunalt viltfond, i alle fall for store hjortekommunar, der fellingsavgift gir store inntekter til det kommunale viltfondet. Etter samråd med viltforvaltar i kommunen, vil det vere betre å eventuelt kome tilbake med ein revidert søknad. Kommunen må vere med på å sikre god oppslutning om tiltaket og føremålstenleg storleik/avgrensing på tiltaksområdet. Kommunen kan om nødvendig påleggje jaktrettshavarane å samle inn data til analyse og bruk i forvaltninga, jf. hjorteviltforskrifta § 32. Lite støtte frå kommunalt viltfond i dette tiltaket, tyder på at tiltaket er lågt prioritert i kommunen.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått å avslå søknaden etter samråd med viltforvaltar i kommunen, ut frå at tiltaket i størst grad bør støttast av kommunalt viltfond, og at ein i tilfelle vil kome tilbake med ny søknad.

### **5 Utmarksavdelinga Vest As: Fagsamling kommunal viltforvaltning**

Utmarksavdelinga Vest As tilbyr i samarbeid med Skogbrukets Kursinstitutt (Skogkurs) å utvikle tilbod om to fagsamlingar for kommunal viltforvaltning i Vestland i 2020, ei i Hordaland og ei i Sogn og Fjordane. Skogkurs tilbyr årleg fagsamling om viltforvaltning for kommunane, som dagsamling. Innhald på samlingane er tilpassa det som er etterspurt gjennom tilbakemeldingar. Fagleg innhald vil difor variere mellom år. Samlingane vil typisk leggje opp til kunnskapsutveksling mellom sakshandsamarane, til dømes at sakshandsamarar med særleg kunnskap om eit tema førebur innlegg for nærare utgreiing om temaet. Det vert lagt vekt på at samlingane skal vere rimelege og målretta med størst mogeleg nytteverdi for kommunane. Samlingane vil bli gjennomførte i nært samarbeid med fylkeskommunane, for å sikre at tiltaket blir kompletterande og ikkje konkurrerande eller overflødig i høve til eksisterande tilbod om møteplassar i fylkeskommunane sin regi.

Tiltaket er kostnadsrekna til totalt kr 30 000, derav kr 20 000 til løn, kr 5 000 til transport (kjøring) og kr 5 000 til diverse.

#### *Vurdering/konklusjon*

Det vert vurdert at tiltaket ikkje fell inn under nokon av tilskotskriteriane. Søknaden vert føreslått avslått.

### **6 Utmarksavdelinga Vest As: Felles forvaltning i årsleveområde for hjort**

Tiltaket vil gjennom målretta aktivitet leggje til rette for auka samarbeid mellom vald og bestandsplanlegging, samt auka samarbeid mellom kommunar til beste for felles, samordna og fagleg styrkja forvaltning av hjort innanfor føreslegne hensiktsmessige, felles forvaltingsområde for hjort - heilårs leveområde. Tiltaket byggjer på arbeidet i prosjektet Forvaltning av hjortebestand 2013-2018, og vil ha hovudfokus på områda som enno har ein veg å gå til realisering av slikt samarbeid, men vil samstundes ha aktivitet som styrkjer eksisterande samarbeid.

Som aktivitet er i første rekkje oppsøkjande verksemd og fagleg dialog med aktørane, samt skiping av felles møteplassar. Det har vore til dels store endringar i kommunestrukturen siste året, mykje er nytt og nye rutinar må på plass for framtida. 2020 og 2021 vil høve tidsmessig for tiltak for å styrkje ny plattform. Tiltaket vil i tillegg til generelt fokus, ha særleg fokus på områda i tilknytning til kommunane Øygarden, Stord/Bømlo, Ullensvang, Eidfjord, Alver, samt delar av Sunnfjord kommune og Nordfjordkommunane Gloppen, Stryn, Eid. Tiltaket skal gjennomføre møter/aktivitet seinhausten 2020 og vinteren 2021. Samla 10 inspirasjons/informasjonsmøter i Vestland med tilhøyrande oppfølging i tilknytning til dette. Arbeidet vil organiserast i samråd med kommunane, og vil vera avgrensa i tråd med tidlegare utarbeidde forslag til hensiktsmessige område for fellesforvaltning av hjort - årsleveområde.

Tiltaket er kostnadsrekna til totalt kr 150 000, derav kr 140 000 til løn og kr 5 000 til transport og kr 5 000 til diverse.

#### *Vurdering*

Tiltaket fell inn under tilskotskriterium F (deltaking i rettshavarane sitt driftsplanarbeid), som også kan støttast av kommunalt viltfond. Gjennom prosjektet kan ein motivere valda/bestandsplanområda til også å søkje om tilskot frå kommunalt viltfond for å støtte opp under driftsplanarbeid og etablering av bestandsplanområde. Prosjektet må, som også opplyst om i søknaden, gjennomførast i samråd med kommunane, og det vil også vere viktig i den samanheng å motivere til etablering av større vald der det vert vurdert som forvaltningsmessig føremålstenleg. Søknaden vert vurdert som sterk ut frå at søkjar har erfaring frå tilsvarande arbeid i prosjektet Forvaltning av hjortebestand 2013-2018, der det vart oppnådd gode resultat.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot til prosjektet på kr 140 000, mot omsøkt kr 150 000.

### **7 Utmarksavdelinga Vest As: Vilt som næring**

Tiltaket skipar 4 regionvise inspirasjonsmøte i Vestland fylke, med fokus på hjorteresursen og næringsmessig utnytting av den, både som opplevingsobjekt og som kjøtressurs. Stikkord og tema vil vere: Mogelegheiter for auka sysselsetjing, auka næringsaktivitet, og næringsbygging.

Kompetansekrav. Viltforvaltning som føresetnad for vellukka næring. Smaksprøvar og tips og vink frå etablerte føretak. Med på samlingane vil vere Mattilsynet, som informerer om føresetnadar for etablering av matproduksjon av vilt. Møta vil bli arrangert i samarbeid med fylkeskommunen, aktuelle kommunar, herunder både viltforvaltninga og næringsutviklinga.

Inspirasjonsmøta vil planlagt vere lokalisert til Voss/Hardanger, Alver/Nordhordaland, Sunnfjord kommune, og kommunane i ytre Sognefjord, til dømes Fjaler. Evt. med justeringar.

Tiltaket er kostnadsrekna til total kr 65 000, derav kr 60 000 til løn og kr 5 000 til transport (kjøring).

#### *Vurdering*

Prosjektet kjem inn under tilskotskriterium A (tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst). Tilskotskriteriet er nytt etter at ansvaret for tilskotsordninga vart overført til Landbruks- og matdepartementet. Prosjektet er interessant, og vi er kjent med at prosjektleiar har erfaring frå tilsvarande prosjekt. Prosjektleiar var også med i arbeidsgruppa bak den nasjonale rapporten «Handlingsplan for næringsutvikling basert på høstbare viltressurser» avgitt frå arbeidsgruppa 14. mars 2019.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 60 000, mot omsøkt kr 65 000.

### **8 NINA: En levende kyst**

Den nylege reetableringa av oter til delar av sitt opphavlege utbreiingsområde i Norge har lagt til rette for å gjennomføre ein studie av trofiske kaskadeeffektar som er høgst relevant for forvaltninga av kystfaunaen. Det vert teke sikte på å følgje reetablering av oter i sørvest-Noreg og å avklare om den har ein reduserande effekt på utbreiinga og tal av den svartelista arten Amerikansk mink. Mink er kjent som aktive rovdyr på mange arter av hekkande sjøfugl, og dersom ein aukande oterbestand kan fortrenge mink, kan vi forvente positive effektar på sjøfugl i område der oteren ekspanderer.

Utforminga av prosjektet er basert på å plassere viltkamera i område med både oter og mink og består av to delar: Del 1 vil fokusere på å forstå bestandsdynamikken til begge artane i eit kysttransekt frå eit område der oter og mink har sameksistert i fleire tiår nord i Vestland fylke, til ein region kor oter vert forventet å reetablere seg i nær framtid sør i Rogaland og i Agder fylke. Del 2 vil ha som mål å

registrere oter- og minkaktivitet i og rundt viktige sjøfuglkoloniar som potensielt er utsett for predasjon. Sjøfugl sin hekkesuksess og bestandsdynamikk vil bli overvaka i samband med registrert aktivitet til både oter og mink i og rundt desse koloniane. Analysar vedkomande oter- og minkbestandsdynamikk vil vere basert på endringar i frekvens interaksjonar i tid og rom. Resultata vil kaste lys over minken sin effekt på norsk kystfauna og vere eit viktig bidrag til auka forvaltningskunnskap.

Prosjektet er 5-årig (2020-2024) og kostnadsrekna til totalt 4,241 Mkr. Budsjettet for 2020 er på vel 1,1 Mkr, og det er søkt om tilskot frå fylkesmannen og fylkeskommunane i fylka Vestland, Rogaland, Agder og Vestfold og Telemark, samt Miljødirektoratet. Omsøkt tilskot i 2020 frå Vestland fylkeskommune er på kr 53 000.

#### *Vurdering*

Prosjektet fell inn under tilskotskriterium G (forvaltingsretta forskning og overvaking). Prosjektet er ei vidareføring av tilsvarande prosjekt (En levende kyst – samspel mellom oter og mink 2016-2019). Prosjektet har i åra 2016-2019 fått tilskot som omsøkt av Hordaland fylkeskommune og også av Fyllkesmannen i Hordaland. Vi er samd i vurderinga i søknaden om at prosjektet gir viktig bidrag til auka forvaltningskunnskap for haustbare artar.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 50 000, mot omsøkt kr 53 000.

### **9 NINA: Questioning bycatch - What is the true scale?**

Langs Norskekysten er det eit betydeleg fritidsfiske. Nylege studiar har vist at bifangst av marine fugle- og dyreartar i fritidsfiskeriet er sterkt undervurdert. Gode data på faktisk bifangst er hemma av mangel på ressursar til overvaking, oversikt over omfanget av lokalt "hushaldningsfiskeri" og manglande innrapportering. I prosjektet skal NINA kartlegge lokalt fiskeri via spørjeskjema i utvalde område på Vestlandet. Denne metodikken er med suksess nytta for å skaffe data om yrkesfiskeinnsats og liknande bifangst, sjølv om tidlegare undersøkingar ikkje korrigerer for underrapportering. Prosjektet består av to hovuddelar: Del 1 vil fokusere på å kartleggje fiskeinnsatsen til forskjellige fritidsfiskeri i studieområdet og som vil gje høve for samanlikning med liknande kommersielle fiskeri. Del 2 vil kvantifisere omfang og i kva grad bifangst av økologisk viktig kystfauna, spesielt marine fuglar og pattedyr, blir rapportert og korleis dette potensielt påverkar funksjonaliteten til våre kystøkosystem. Studien vil vere den første til å kvantifisere fritidsfiske, bifangst og i kor stor grad bifangst er underrapportert samt kaste lys over mogelege tiltak. Det er i tillegg søkt Miljødirektoratet og Fylkesmannen i Vestland om tilskot.

Prosjektet er kostnadsrekna til totalt kr 695 750, derav kr 565 750 til løn, kr 100 000 til transport (kjøring) og kr 30 000 til diverse. Tiltaket er tenkt finansiert med kr 499 750 frå Miljødirektoratet, kr 100 000 i egne midlar, kr 44 000 frå fylkesmannen i Vestland, kr 52 000 får Vestland fylkeskommune og kr 96 000 frå andre offentlege tiltak.

#### *Vurdering*

Tiltaket kjem inn under tilskotskriterium G (forvaltingsretta forskning og overvaking). Prosjektet vil dra nytte av NINA sitt prosjekt «En levende kyst» (tiltak nr 8 i denne saka), dersom prosjekta vert gjort samtidig. Prosjektet vil bidra til skaffe nyttig kunnskapsgrunnlag for forvaltningsformål.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 45 000, mot omsøkt kr 52 000.

## **10 NINA: Raudrev på Hardangervidda**

Avlsprogrammet for fjellrev har på få år blitt det mest effektive tiltaket for å styrkje fåtallige- og reetablere utdøyde bestandar. Utsetjingar på Hardangervidda vart starta i 2014 og det er til no sett ut 124 kvalpar her. Dei tre siste åra er det dokumentert minst ein yngling årleg og i tillegg er det udokumenterte meldingar om fleire ynglingar. Det er registrert meir en 205 gamle fjellrevhi som vitnar om at Hardangervidda historisk hadde ein av de største fjellrevbestandane i Skandinavia. Ein av dei viktigaste utfordringane for å re-etablere fjellrev i området er utbreiinga til- og konkurranse med raudrev. NINA søkjer her om midlar til å forsette arbeidet med å dokumentere raudreven si utbreiing i høve til fjellrev i området. Prosjektet fokuserer også på årsakssamanheng og tiltak. Innsamla data vil og nyttast i det NFR støtta prosjektet ECOFUNC der høgare skoggrense og raudreven sin ekspansjon opp i høgfjellet er sentrale tema. Ei viktig målsetjing er å utvikle verktøy som kan gi råd om framtidig forvaltning av høgfjellet. Slike verktøy kan bli viktige bidrag i planlegginga av gode bevaringsprogram og tiltak for restaurering av landskap og artssamansetjing. I 2020 skal det samlast inn DNA materiale frå raudrev langs ruter nytta i samband med tilsyn av eksisterande fôrautomatar – registrere raudrevynglingar. Det skal arbeidast med å få tal på raudrevar i området via DNA frå urin og ekskrement via fangs/gjenfangsanalysar. DNA analysar vert gjort i tilknytning til anna raudrevforskning i regi av Ecofunc prosjektet (2016-2019).

Kostnadsoverslaget er på totalt kr 175 000, derav kr 60 000 til løn, kr 40 000 til transport og kr 70 000 til DNA-analysar. Det er søkt tilskot på kr 35 000 frå kvar av fylkeskommunane Vestland, Vestfold og Telemark og Innlandet. Som finansiering er det i tillegg ført opp kr 15 000 i synergi frå Ecofunc prosjektet, kr 20 000 frå Avlsprogrammet og kr 35 000 i eigen finansiering (Eigenforskning).

### *Vurdering*

Prosjektet fell inn under tilskotskriterium G (forvaltingsretta forskning og overvaking). Fylkeskommunen (Hordaland) har fått tilsvarende søknad dei 4 siste åra (2016-19), og støtta prosjektet som omsøkt i 2017-2019. Sjølv om prosjektet Raudrev på Hardangervidda kan seiast å inngå i fjellrevprosjektet, så bør det som gjeld raudrev kunne støttast med tilskot frå tilskotsposten til haustbare artar.

### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 30 000 til prosjektet i år, mot omsøkt kr 35 000.

## **11 Nni Resources As (Nni): Orrfugl i kystlandskapet på Vestlandet**

Orrfugl er ein viktig viltressurs og ein sentral art i fuglesamfunn på Vestlandet, både langs kysten og i fjordlandskapet. Prosjektet siktar mot viktige bestandsøkologiske parametrar som 1) lokal bestandstettleik; 2) habitatval og 3) trendar i lokal populasjonar. Prosjektet skal gjennomførast med a) basis i eige feltarbeid; b) eksisterande informasjon frå lokale kjelder og frå jaktstatistikk (både offentleg - SSB samt frå lokale grunneigarlag/jaktlag). Prosjektet legg opp til feltarbeid i 3 kystavsnitt, dvs. i Sveio, Austevoll, Øygarden/Alver samt i Bergen. Feltarbeid med basis i 2 metodar: 1) linjetakseringar - standard metodar og 2) sonetaksering av spelande hannar. Prosjektet vil søkje samarbeid med lokale jaktlag/grunneigarlag og lokal forvaltning (kommunar). Resultat i eigen fagrapport.

Kostnadsoverslaget er på totalt kr 135 200, derav kr 129 200 i løn og kr 6000 til transport. Tiltaket er søkt dekka av tilskotsmidlar til viltformål frå fylkeskommunen.

### *Vurdering*

Tiltaket kjem inn under tilskotskriterium C (kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, samt viltinteresser i kommunar og regionar). Søknaden er knapp, og skildringa av tiltaket der er vist ovanfor. Orrfugl er ein haustbar art, som det er viktig å ha gode bestandsdata for ulike forvaltningsformål.



### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 85 000, mot omsøkt kr 93 700.

### **12 Nni Resources As (Nni): Hekkande andefuglar i kystlandskapet**

Fuglar i norsk natur har erfart store endringar dei siste 10-åra, mange artar har sterkt reduserte hekkebestandar, andre er stabile mens ein del artar har vist ein klar auke i lokale, regionale og nasjonale bestandar. Ein fagleg god måte å kaste lys over endringane på er med reinventeringar i område med historiske data. Prosjektet har fokus på hekkande andefuglar knytt til ferskvatn i kystlandskapet i Vestland fylke. Denne gruppa rommar også mange jaktbare artar, som stokkand, krikkand, brunnakke, toppand, siland, kanadagås og grågås (aukande grad av hekking i ferskvatn det siste 10året). Prosjektet vil nytte eigne historiske data frå kystlandskapet sør i Vestland fylke, dvs. i Sveio kommune, i tillegg til ei rekkje innsjøar i ytre Sogn/Sunnfjord. Prosjektet vil femne ca 40 vatn og innsjøar i Sveio med perspektiv til omfattande historiske data frå 1983-1984, samt frå våtmarksinventering i Sunnfjord frå rundt 1980. I tillegg eigne feltdata frå mange område i Sunnfjord siste 15 år. Inkludert i prosjektet vil vere dekning av alle naturreservat i dei 2 regionane ("våtmarksreservater"), i alt 13 i talet (7 pluss 6). Takseringane vil bli gjennomført med standard takseringsmetode for hekkande andefuglar. Resultatet frå kartlegging og bestandsvurderingar vert rapportert i eigen fagrapport.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr 93 000, der løn er oppført med kr 85 000 og transport (kjøring) med kr 8000. Tiltaket er søkt dekka av kr 63 000 i tilskotsmidlar til viltformål frå fylkeskommunen, og resten, kr 30 000 frå eigne midlar.

### *Vurdering*

Tiltaket kjem inn under tilskotskriterium C (kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, samt viltinteresser i kommunar og regionar). Tiltaket vert vurdert som ønskeleg for å kaste lys over bestandsendringar til andefuglar.

### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 60 000, mot omsøkt kr 63 000.

### **13 Nni Resources As (Nni): Virkninger av introdusert fiskeart på vannfugler**

Prosjektet har som mål å avdekke eventuelle verknader av introduksjon av åbor til vestnorske vatn og innsjøar, dvs. prosjektet har fokus på økologiske verknader på økosystem generelt og vassfuglar spesielt. Regionalt innført åbor er i hovudfokus, men prosjektet har også fokus på gjedde som vart innført til regionen for over 100 år sidan. Med omsyn til verknader har prosjektet dei 3 siste sesongane (2017 - 2019) hatt spesiell fokus på stokkand som modellart, med effektar på lokale bestandsstorleikar og hekkesuksess som sentrale populasjonsøkologiske parametarar. Det er levert prosjektrapport både i 2018 og 2019 (NNI-Rapporter). Søknad for 2020 har som mål å hente opp mellomårsvariasjon med omsyn til målte parametarar, og då også med fokus på andre påverknadsfaktorar som kan forventast. I 2020 blir eit nytt sett med vatn og innsjøar tekne inn i prosjektet, dvs. innsjøar utan åbor, men med naturleg fiskefauna (aure, røye og ål). Prosjektet vil då omfatte 3 typar av innsjøar/vatn med omsyn på fiskefauna; 1) med åbor; 2) med gjedde utan åbor og 3) utan åbor og gjedde.

Prosjektet er kostnadsrekna til kr 60 000, derav kr 55 000 til løn og kr 5 000 til transport (kjøring). Prosjektet er ei vidareføring i 2020 av prosjekt med same tittel som fekk tilskot både i 2018 og 2019. Tiltaket er søkt dekka av kr 54 000 i tilskotsmidlar til viltformål frå fylkeskommunen, og resten, kr 6 000 frå eigne midlar.

### *Vurdering*

Prosjektet kjem inn under tilskotskriterium C (kartlegging av viltressursane og viltet sine leveområde, samt viltinteresser i kommunar og regionar). Prosjektet vil bidra til auka kunnskapsgrunnlag for forvaltningsformål.

### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 50 000, mot omsøkt kr 54 000.

## **14 Universitetet i Sørøst-Norge (USN): Fjellets ressursgrunnlag**

USN, ved Institutt for natur, helse og miljø, har i mange år studert alpine økosystem og påverknad frå klimaendringar. Hovudmålet med prosjektet (2018-2020) er å framskaffe data som er nyttige i forvaltinga av areal og bestandar i fjellmiljø og kunnskap om årsak-verknadsforhold. Det ønsker ein å gjere gjennom å nytte datakjelder som 1) fangar informasjon for store areal, 2) har vore tilgjengelege i lang tid, 3) har ei finansiering som gjer at dei vil bli tilgjengelege framover i tid, og 4) kor potensialet i areal- og bestandsforvaltning i Norge er lite utnytta i dag.

Arbeidet inneheld fleire arbeidspakkar med følgjande delmål:

- Utvikle metodar i bruk av fjernmålte data som kan gje ei detaljert og kost-effektiv kartlegging av fjellvegetasjon i dag, og bruke desse metodane til å kartleggje vegetasjonen på Hardangervidda og i Nordfjella.
- Teste ut moglegheitene til å lage detaljerte kartprodukt over dei variablar som er funne mest avgjerande for kva som veks på ein viss stad i fjellet.
- Utvikle metodar for årleg overvaking av endringar i fjellvegetasjonen ut frå tidsserie med satellittdata, og kople endringane til klimavariablar for dermed å kunne lage framtidssenario basert på klimaprognosane.
- Kartlegge reinen sine beiteressursar og tilgjengelegheita i fjellområda Hardangervidda og Nordfjella, samt endringar i beiteressursane siste 35 år.
- Undersøke i kva grad dei utvikla kartprodukta saman med overvakingsdata på rype kan bidra til ei betre forvaltning av fjell- og lirype.
- Undersøkje korleis dei kartlagde vegetasjonsforholda påverkar flyttemønsteret og beiterelaterte kvalitetsmål hos sau.

For 2020 ønskjer USN å utvide datasettet til å omfatte ei undersøking av endringar som har skjedd dei siste 35 år. Til det vil USN nytte data fra jordobservasjonssatellittar som for studieområdet er tilgjengeleg i arkiv i USA tilbake til 1984. Å etablere ei konsistent 35-år lang tidsserie med billedata krev mykje kalibreringsarbeid. Dette arbeid kan USN best få gjort ved å ha et arbeidsopphald ved GLAD laboratoriet i USA (University of Maryland).

For 2020 har USN søkt Vestland fylkeskommune om tilskot på kr 50 000, av totalt kr 1,28 Mkr. Dei andre søknadsmottakarane er USN, fylkesmannen i Vestland, fylkeskommunane og fylkesmennene i fylka Vestfold og Telemark, Innlandet og Viken. Det er ikkje søkt Miljødirektoratet om tilskot i 2020.

### *Vurdering:*

Prosjektet fell inn under tilskotskriterium G (forvaltingsretta forskning og overvaking). Det er FoU-metodeutviklinga for framstilling av betre og meir detaljerte vegetasjonskart for forvaltningsformål i alpine område, særleg for betre nytting av fjernmålte data frå fly og satellittar, som er det sentrale i prosjektet. Det synest å vere mest aktuelt med tilskot frå sentralt nivå for slik metodeutvikling. Fylkeskommunen fordelar viltfondsmidlar som er avgrensa til forvaltning av haustbare, ikkje truga viltartar, som omfattar rype, men ikkje villrein og sau. I den praktiske rypeforvaltninga vil det framleis vere viktigast med tradisjonelle overvakingstiltak som rypepakseringar. Årlege variasjonar i bestandstettleik vil vere mest påverka av faktorar som (sesongmessige) variasjonar i vêrforhold - ikkje minst under hekketida, mengde av smågnagarar og predatorar, og evt. variasjonar i jakttrykk.

#### *Konklusjon:*

Det vert føreslått at prosjektet ikkje vert prioritert høgt nok for tilskot.

### **15 Norges Jeger- og Fiskerforbund Hordaland: Infoblad om jakt og fiske - infoside internett**

NJFF-Hordaland har dei siste 21 åra gitt ut eit informasjonsblad om jakt og fiske to gonger årleg, i juni og desember. Bladet har eit opplag på 6500, og vert sendt gratis pr. post til alle kommunar i fylket, til offentleg miljø- og landbruksforvaltning, alle aviser, lokalradio, media elles i fylket, til lokallag av NJFF, til andre jeger- og fiskarlag i fylket, til sportsbutikkar i fylket, til alle medlemmer av NJFF i fylket, samt til medlemmer i fiskeklubben for barn i fylket m.fl. I bladet når NJFF ut til dei fleste jakt- og fiskeinteresserte i Hordaland med viktig informasjon om t.d. lover og forskrifter for jakt og fiske, om kurs, informasjon om aktuelle saker som vedkjem jakt- og fiskeinteresserte, om informasjon om arrangement for barn, og mykje meir. Det er gratis for t.d. offentleg forvaltning, kommunar osv. å bruke bladet til å spreie informasjon, og dette har skjedd jamleg. Då bladet vert sendt ut til så mange adressatar (ca 6000) to gonger årleg og då bladet er på 16 sider, har NJFF-Hordaland store trykke- og portoutgifter til utsendinga. NJFF ønskjer å gje ut to nummer også i 2020, i juni og desember.

Sidan hausten 1998 har NJFF-Hordaland også drive ei informasjonsside på internett om jakt, fiske, friluftsliv, forvaltning, miljø osv. Adressa til sida er <http://www.njff.no/fylkeslag/hordaland>. Sida vert jamleg oppdatert og inneheld mykje aktuell informasjon, blant anna frå offentleg forvaltning. Fylkessekretæren brukar ca 200 timer årleg på oppdatering av sida. NJFF-Hordaland har i tillegg ei eiga Facebook-side som vert brukt aktivt.

Tiltaka er kostnadsrekna til kr 117 000, derav kr 75 000 i løn, 35 000 til trykkerikostnader og porto, 5 000 til diverse og kr 2 000 til transport (kjøring). Tiltaket er ført opp med kr 80 000 i egne midlar og kr 37 000 i tilskot frå fylkeskommunen.

#### *Vurdering*

Tiltaka fell inn under tilskotskriterium A (tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst) og B (informasjon om jakt og høve til jakt). NJFF-Hordaland har kvart år sidan 2010 fått tilskot til tilsvarande tiltak. Det vert vurdert at tiltaket også kan støttast i år.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 35 000, mot omsøkt kr 37 000.

### **16 NJFF-Hordaland: Kvinneaktiviteter**

NJFF-Hordaland har i fleire år drive aktivt for å få fleire kvinner interessert i jakt, fiske og friluftsliv i Hordaland. Sidan midten av 1990-åra har NJFF-Hordaland hatt eigen kvinnekontakt i fylkesstyret, som også er styremedlem i fylkeslaget. NJFF-Hordaland har også eit eige kvinneutval, der kvinnekontakten er leiar. Arbeidet for å få opp kvinneaktivitetane har vore høgt prioritert frå styret i NJFF-Hordaland dei siste åra, og det har gitt resultat i form av fleire kvinnelege jegerar og fiskarar. I dag er rundt ein tredjedel av jegerprøvekandidatane i bynære strøk i Hordaland kvinner. I 2020 vil NJFF-Hordaland sitt kvinneutval blant anna arrangere kvinnekontaktsamling for kvinnekontaktane i fylket sine lokalforeiningar, hjortejakt for kvinner i Samnanger og skogsfugljakt i samarbeid med Voss JFL, og skytekveldar for kvinner hos fleire lokalforeiningar. Erfaringar frå tidlegare år er at aktivitetar for kvinner i regi av NJFF-Hordaland tiltrekkjer deltakarar frå fleire lokalforeiningar, noko som bidrar til nettverksbygging på tvers av foreiningar, som igjen resulterer i auka deltaking på lokale kvinnearrangement i foreiningane. Arrangementa er opne for alle, også ikkje-medlemmer. Informasjon om arrangementa vert spreidd via annonser i avisene, via heimesidene på internett, fylkesblad, via e-post m.m.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr 35 000, derav kr 15 000 til eiga løn, kr 15 000 til jaktkort og kursmateriell, og kr 5 000 til transport (kjøring). Tiltaket er tenkt dekket med kr 15 000 i dugnadsinnsats, kr 5 000 i egne midlar og kr 15 000 i tilskot frå fylkeskommunen.

#### *Vurdering*

Tiltaket fell inn under tilskotskriterium A (tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst) og B (informasjon om jakt og høve til jakt). Også NJFF sentralt har ei kvinnesatsing og jobbar for at fleire kvinner skal kome seg ut i skog og mark og bli trygge og aktive jegerar etter å ha teke jegerprøven. Kvinner oppgir i større grad enn menn at det er mangel på kunnskap og praktisk erfaring etter endt jegerprøve som hindrar dei i å kome seg ut på jakt. I Landbruks- og matdepartementet sin nye handlingsplan for næringsutvikling basert på haustbare viltressursar, er det nemnt at fylkeskommunen som regional utviklingsaktør kan tilrettelegge og koordinere satsing på jakt, jaktturisme og næringsutvikling, og at dette også omfattar tilbod for å auke rekrutteringa til jakt med meir.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 15 000 til tiltaket, som omsøkt.

### **17 NJFF-Sogn og Fjordane: Human Jakt**

NJFF Sogn og Fjordane sitt formål er å ta vare på jakt- fiske- og friluftssinteressene, ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag og sørge for at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske.

NJFF Sogn og Fjordane jobbar for å fremje human og trygg jakt og ettersøk, og tilbyr blant anna ei rekke aktivitetar og prosjekt innan jakt, skyting og ettersøk for å auke kompetansen.

Søknaden femner om ulike viltartar og tiltak, blant anna:

Fagdag ettersøk, Kurs i fellefangst, Temakveld og jakt i praksis – åtejakt på rev, Oppdateringskurs for ettersøksinstruktørar, Kveldsseminar om rype, jakt og forvaltning, Andejakt med hund, Bandhundkurs på hjortevilt, Småviltjakt ungdom, Småviltjakt jenter, Slaktekurs og Hjortejakt for jenter.

Tiltaket er kostnadsrekna til kr 270 000, derav kr 130 000 i eiga løn, kr 20 000 i leigd løn, kr 45 000 til mat, overnatting og leige av lokale, kr 45 000 til kjøp av aktivitet og utstyr, kr 20 000 til transport (kjøring) og kr 10 000 til diverse utgifter. Tiltaket er tenkt dekket med kr 130 000 i dugnadsinnsats, kr 20 000 i egne midlar og kr 25 000 frå anna finansiering, og kr 95 000 i tilskot frå fylkeskommunen.

#### *Vurdering*

Tiltaket fell inn under tilskotskriterium A (tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst) og B (informasjon om jakt og høve til jakt). Tiltaka bør kunne gjennomførast med noko redusert tilskot.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 80 000, mot omsøkt kr 95 000.

### **18 NJFF-Sogn og Fjordane: Modell for småviltforvaltning**

Prosjektet gjeld vidareføring av prosjekt som NJFF-Sogn og Fjordane har hatt i avtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune. Småviltforvaltning med predasjonskontroll og taksering i eit område i Gaular og Balestrand kommune. I prosjektet inngår det predator uttak med fellefangst og tilhøyrande fangstkurs. I takseringsdelen inngår det trening på taksering med fuglehund ved bruk av metoden «distance sampling».

Tiltaket er kostnadsrekna til kr 110 000, derav kr 50 000 i eiga løn, kr 5 000 i leigd løn, kr 20 000 til transport (kjøring), kr 18 000 til lokale/overnatting, kr 10 000 til utstyr, åte og kr 7 000 til diverse

utgifter. Tiltaket er tenkt dekket med kr 50 000 i dugnadsinnsats, kr 10 000 i annen finansiering og kr 50 000 i tilskot frå fylkeskommunen.

#### *Vurdering*

Tiltaket fell inn under tilskotskriterium A (tilrettelegging for verdiskaping og rekruttering til jakt og fangst). Tiltaket bør kunne gjennomførast for noko redusert tilskot.

#### *Konklusjon*

Det vert føreslått tilskot på kr 40 000, mot omsøkt kr 50 000.